



OSTERØY KOMMUNE
Sektor for miljø og teknikk
Forvaltning

Bergan Bygg AS
Flatevad
5282 LONEVÅG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
08/3819-32 MANE
12/15248

Arkiv:
GBN-111/62

Lonevåg
20.08.2012

**111/62 - RAKNES - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - ENDRA GANGVEG -
MELDING OM VEDTAK**

Viser til Dykkar søknad motteke 04.06.2012 med tillegg motteke 08.08.2012. Søknaden er no handsama og det er gjort slikt vedtak:

ADMINISTRATIVT VEDTAK: Sjå vedlagd utskrift frå møteboka.

De vert med dette gjort kjend med vedtaket.

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 28 og plan- og bygningslova 2008 § 1-9.

Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast til Osterøy kommune. Klagen må grunngjevast. Part har høve til dokumentinnsyn, jf. forvaltningslova §§ 18-19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.


Nils Myking
Seniorrådgjevar


Marit Nedreli
Rådgevar

Vedlegg: Utskrift frå møteboka.

Melding til:

Astrid Fick

Raknes

5281 VALESTRANDSFOSSEN

Postadresse:
5282 LONEVÅG
Org.nr. 864.338.712

Tlf: 56 19 21 00
Faks: 56 19 21 01

Etat:
Sektor for miljø og teknikk
Tlf: Faks:

Sakshandsamar:
Marit Nedreli
Tlf: 5619 2100



OSTERØY KOMMUNE
Teknisk drift og forvaltning


Vedtak i medhald av delegert mynde

Godkjent

Dato: *20.8.2012*

Sign:

Marit Skjvel



OSTERØY KOMMUNE

ADMINISTRATIVT VEDTAK

Styre, komite, utval	Møtedato	Saksnr	Sbh
Delegert vedtak plan-og kommunalteknisk utval	20.08.2012	194/12	MANE

Saksansvarleg Marit Nedreli	Arkiv: GBN-111/62 Objekt:	Sak ID 08/3819
---------------------------------------	--	--------------------------

111/62 - RAKNES - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - ENDRA GANGVEG TIL NAUST

Søkjar: Bergan Bygg AS, Flatevad, 5282 Lonevåg.
Tiltakshavar: Astrid Fick, Raknes, 5281 Valestrandsfossen.
Søknad motteke: 04.06.2012 med tillegg motteke 08.08.2012.

ADMINISTRATIVT VEDTAK: Godkjend.

RÅDMANNEN SITT VEDTAK

" I medhald av delegert mynde til rådmannen frå heradsstyret av 14.12.2011, jf. tidlegare delegering, vert det gjort slikt vedtak:

Det vert gjeve løyve til endra gangveg, maksimum 1,5 meter brei, til nytt naust på gur. 111, bnr. 62, Raknes, jf. plan- og bygningslova §§ 70 og 93. Eksisterande gangveg må tilbakeførast til LNF-føremål.

Det skal meldast frå til kommunen når arbeidet med gangvegen tek til."

FAKTA

Saka vert med vising til heradsstyret sitt vedtak om delegering til rådmannen saksnummer 065/11 av 14.12.2011, jf. tidlegare delegering, handsama administrativt.

Det vert synt til søknad med vedlegg motteke 04.06.2012 med tillegg motteke 08.08.2012.

Dersom funn eller konstruksjonar kjem fram i samband med gravearbeid, må arbeidet stansast og ansvarleg kulturminnemyndigheit få melding for ei nærare granskning på staden, jf. lov om kulturminne § 8, 2. ledd.

Dersom det oppstår skade på naturmangfaldet eller fare for slik alvorleg skade som fylgje av aktivitetar som er regulert etter Lov om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldslova) skal den ansvarlege så fort som mogeleg varsle mynde etter lova, med mindre faren allereie er hindra eller skaden gjenoppretta, jf. naturmangfaldslova § 65, 2.ledd.

Det må undersøkjast at det ikkje er ureina massar i grunnen som det nå vert grave i, jf. forureiningsforskrifta § 2-4.

Ved graving er det søkjar/tiltakshavar/utførande si plikt å undersøkja om det ligg leidningar i grunnen.

Tiltaket må utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Ansvarleg utførande føretak er ansvarleg for at byggjearbeida vert utført i samsvar med løyve og reglar, jf. plan- og bygningslova § 98 nr.1 .

Sikringstiltak som nemnt i plan- og bygningslova § 100 må etterkomast.

Før tiltaket vert teke i bruk skal det vera utferdta mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf. plan- og bygningslova § 99. Det vert kravd koordinatverdiar kvar tiltaket er plassert som dokumentasjon for plassering i høve til godkjenning.

I samsvar med plan- og bygningslova § 97 skal kommunen føra kontroll med at arbeidet vert utført i samsvar med vedtaket og reglar gjeve i eller i medhald av denne lova.

Dersom arbeidet ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyvet er gjeve fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf. plan- og bygningslova § 96.

Klage:

Det vert gjort merksam på at dette er eit vedtak gjort av kommunen som kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forvaltningslova § 28 og plan- og bygningslova §§ 15 og 13.

Klagefrist er 3 veker rekna frå melding om vedtak er motteke, jf. forvaltningslova § 29.

Klagen skal stilast til Fylkesmannen i Hordaland, men sendast til Osterøy kommune.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

RÅDMANNEN SI VURDERING

Saka gjeld søknad om endra gangveg i samband med oppføring av nytt naust på gnr. 111, bnr. 62, Raknes.

Eksisterande gangveg til naustet er lengre og brattare enn den omsøkte gangvegen.

Rådmannen legg til grunn at det ikkje skal sprengast for å etablera ny gangveg.

Rådmannen vurderar at ny gangveg vil passa betre inn i terrenget og letta tilkomsten til naustet. På vilkår av at eksisterande gangveg vert tilbakeført til LNF-føremål, kan det gjevast løyve til endra gangveg, maksimum 1,5 meter brei.


Dato for saksutgreiing: 20.08.2012.

Rett utskrift


Dato: 20.08.2012.

Melding til:

Bergan Bygg AS
Astrid Fick



OSTERØY KOMMUNE
 108/3819
 04.08.2012
 MÅNE

OSTERØY KOMMUNE	
Post/arkiv	Jour.nr.:
14.05.2009	
Akr.nr.:	Del.nr.:
Flag.nr.:	SK.nr.:
Utnyttelse trå 07.10.07:	

	OSTERØY KOMMUNE Teknisk drift og forvaltning
Vedtatt i medhald av delegert mynde	
Godkjent Dato: 20.8.2012	
Sign: <i>Mant Stedel</i>	

	OSTERØY KOMMUNE Teknisk drift og forvaltning
Vedtatt i medhald av delegert mynde	
Godkjent Dato: 15.7.10	
Sign: <i>Mant Stedel</i>	

Situasjonskart
 Gnr 111 bnr 62
 Grensene i kartet kan innehalde feil · Ekvidistanse 5m
 29.10.2008
 Målestokk 1:1000
 Osterøy kommune - Servicekontoret

Nytt nært

Fra: Inger & Arve
Sendt: 08.08.2012
Til: Inger & Arve;andreas@berganbygg.no
Kopi: Marit Nedreli;torfick@hotmail.com
Emne: Re: sak 08/3819, gnr. 111/bnr. 62

Hei.

Utfyllande opplysninger i saka.

Sender med to bilete der raud strek syner eksisterande gangsti og grøn strek syner ny gangveg. Eksisterande gangsti er tildels ulendt og bratt og vil krejve store terrenginngrep for å kunne brukast av rullestolbrukarar og andre bevegelseshemma.

Ny gangveg vil passa mykje betre inn i terrenget og vart tilrådd av formannskapet då dei var på synfaring.

Slik eg har forstått, etter telefonsamtaler mellom tiltakshaver og kommunen, er kommunen uroa over at eg brukte ordet "anleggsveg" ned til naustet. Kanhende det kan vere rom for feiltolking her. Det eg meiner er at eg fyller litt meir på utsida av 1,5 m omsøkt gangveg for å komme trygt ned med maskiner og utstyr, noko som er i tråd med SJA. Den ekstra steinfyllinga er kun midlertidig og vil verta fjerna omgåande etter at terrengarbeidet med naustetomten er avslutta, maksimalt innan 2 mnd fra oppstart. Det som då vert liggjande att, er ein grusa gangveg med bredde ca. 1,5 meter.

Håper dette kan oppklare eventuelle mistydingar og at kommunen kan handsama saka utan dispensasjonssøknad.

Mvh Arve Kalland

A. Kalland Maskin
900 73 263



OSTERØY KOMMUNE
Sektor for miljø og teknikk
Forvaltning

Bergan Bygg AS
Flatevad
5282 LONEVÅG

Dykkar ref.:

Vår ref.:
08/3819-29 MANE
12/13848

Arkiv:
GBN-111/62

Lonevåg
23.07.2012

**111/62 - RAKNES - SØKNAD OM LØYVE TIL TILTAK - RIVING OG OPPFØRING
AV NAUST - GJELD SØKNAD OM GANGVEG**

Syner til søknad om gangveg til naust motteke 04.06.2012 og utgreiing frå A. Kalland maskin motteke 15.07.2012.

Tiltaket ligg i arealdelen i kommuneplanen i LNF-område i 100-metersbelte langs sjø. Det må difor søkjast om dispensasjon frå plan- og bygningslova §§ 1-8, 11-6 og 11-7, jf. kap. 19.

Før søknad om løyve til tiltak vert send inn, må tiltaket nabovarslast, jf. plan- og bygningslova § 21-3, jf. § 19-1.

Det må sendast inn lengdeprofil av tiltaket med eksisterande terreng og tverrsnitt som syner fylling, jf. Forskrift om byggesak § 5-4.

Frist for tilbakemelding er 31.08.2012.

Viss Osterøy kommune ikkje mottek noko tilbakemelding innan denne fristen, vert saka avslutta utan handsaming, og det vert send krav om gebyr, jf. gebyrregulativet punkt C.5.7.

Innsendar vil få tilsend krav på gebyr for sakshandsaming av mangelfull sak, jf. gebyrregulativet C.5.7.

Med helsing

Nils Myking
Seniorrådgjevar

Marit Nedreli
Rådgjevar

Melding til:

Astrid Fick Raknes 5281 VALESTRANDSFOSSEN

Postadresse:
5282 LONEVÅG Tlf: 56 19 21 00
Org.nr. 864.338.712 Faks:56 19 21 01

E-post:
post@osteroy.kommune.no

Sakshandsamar:
Marit Nedreli
Tlf: 5619 2100

Fra: Inger & Arve
Sendt: 15.07.2012
Til: andreas@berganbygg.no
Kopi: Marit Nedreli;torfick@hotmail.com
Emne: sak 08/3819, gnr. 111/bnr. 62

Hei.

Som utførande i saka vil eg med dette gjere greie for omfanget med å byggja gangveg til naustetomt. Det vil verta ei blanding av sprenging og tilkjøring av masser alt etter topografien på terrenget. Sprenginga vert utført som grøftesprenging og kun med breidde for å få ein flat såle for å leggje vegen sikkert på. (Hindre utglidning)

Maksimale skjeringer vert ca. 80 cm.

Det vert laga ein anleggsveg ned til naustetomten for å komme ned med nødvendig utstyr for å opparbeide denne.

Denne vegen vil etter naustetomten er ferdig, bli delvis fjerna, slik at den ferdige, grusa gangvegen vil ha ein breidde på ca. 1,5 meter+ grøft.

Avgravde masser som jord og lyng vil verta brukt for å lage skråningar, slik at estetikken i området vert stetta.

Håper dette var oppklarande nok til å handsama saka.

Då eg reiser vekk fom 16.07 -29.07 vert eg kun å treffa på tlf 900 73 263.

Mvh Arve Kalland, A. Kalland Maskin